

# RETNINGSLINJER FOR UTSLEPP AV AVLØPSVATN FRÅ SPREIDD BUSETNAD



Godkjent av Teknisk utval 13.11.2013

**1. Virkeområde**

Retningslinene gjeld for utslepp av avløpsvann frå fast busetnad og fritidsbustader med innlagt vatn i områda i Åseral kommune der det ikkje er ført fram offentlege avløpsleidningar, og utsleppet ikkje overstig 50 pe (personekvivalentar).

Retningslinene er utarbeidd i tråd med *Forskrift om begrensing av forurensing (forurensingsforskriften)* av 01.01.2007 og *Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)* av 13.03.1981. I tillegg gjeld plan- og bygningslova.

**2. Definisjonar**

Definisjonane i forureiningsforskrifta § 11-3 gjeld for desse retningslinene:

- *Avløpsvatn*: Både sanitært avløpsvatn og overvatn.
- *Gråvatn*: Del av avløpsvatn som kjem frå kjøkken, bad, vaskerom eller liknande.
- *Svartvatn*: Gråvatn som inneholdt avløp frå vassklosett.
- *Innlagt vatn*: Vatn frå vassverk, brønn, cisterneanlegg eller liknande som er ført innandørs gjennom leidning.
- *Recipient*: Vassførekomst som mottar forureiningar frå avløpsanlegg.
- *Pe*: Mengde organisk stoff som blir brutt ned biologisk med eit biokjemisk oksygenforbruk over fem døgn ( $BOF_5$ ) på 60 gram oksygen pr. døgn. T.d. utgjer 1000 pe utslepp frå ca. 1520 personer.
- *Tot-P*: Innhold av total fosfor.
- *TKB*: Innhold av termotolerante koliforme bakteriar.

**3. Krav til utsleppsløyve**

For alle nye utslepp, samt ved rehabilitering av eksisterande avløpsanlegg og vesentleg endring av eksisterande utslepp skal det føreligge utsleppsløyve jamfør kapittel 12 i forureiningsforskrifta. Som vesentleg endring reknast mellom anna innlegging av vatn eller installering av vassklosett i bygningar der dette ikkje har vore innlagt/installert tidlegare.

Søknad om utsleppsløyve skal sendast til  
Åseral kommune, Gardsvegen 68, 4540 Åseral.

For alle søknadar om utsleppsløyve gjeld forvaltningslova sine krav til sakshandsaming av enkeltsaker. Nabobar og rørte grunneigarar ved bekk/elv nedanfor eit utslepp skal alltid varslast om søknaden.

Vedtak om utsleppsløyve blir fatta av avdeling for drift og utvikling. Internt i kommunen skal kommunelegen ha høve til å uttale seg.

Søkjær og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket. Klagemyndighet er kommunalutvalet. Er arbeidet ikkje starta seinast innan 3 år etter utsleppsløyve er gitt, eller dersom arbeidet blir stansa i lengre tid enn 2 år, fell utsleppsløyvet bort. Dersom utslipp framleis er aktuelt, må ny søknad sendast inn i samsvar med desse retningslinene.

Både forureiningsforskrifta og plan- og bygningslova skal leggast til grunn når avløpet skal dimensjonerast og byggast. Det krevst løyve frå begge lovverk før igangsetting.

Søknad om utsleppsløyve skal sendast inn av eit føretak som er godkjent og kvalifisert for å stå som ansvarleg søker. Kart og naudsynte skjema får ein ved å kontakte kommunen.

**4. *Oppheving av løyve***

Dersom det blir ført fram kommunalt avløpsnett til eit område, kan kommunen oppheve løyve til utslepp som er gitt i området etter desse retningslinene, og pålegge tilkopling til kommunalt avløpsnett, jf. plan og bygningslova § 27-2.

**5. *Godkjente reinseløysingar***

Godkjente reinseløysingar under gjeld berre for anlegg som ikkje overstig 15 pe. For større anlegg skal aktuell reinseløsing vurderast i kvart enkelt høve.

Følgjande reinseløysingar kan godkjennast. Godkjenninga gjeld både svartvatn og gråvatn der ikkje noe anna er sagt.

- **Infiltrasjonsanlegg**. Det skal monterast peilerør for å kontrollere eventuell oppstuvning i anlegget. Anlegget skal ha støybelastning, anten med vippekasse eller pumpe.
- **Jordhauginfiltrasjon**. Det skal monterast peilerør for å kontrollere eventuell oppstuvning i anlegget. Anlegget skal ha støybelastning, anten med vippekasse eller pumpe.
- **Konstruert våtmarksfilter**. Skal utførast i samsvar med VA/Miljøblad nr. 49.
- **Filterkum**. Godkjenninga gjeld berre for gråvatn. Type filterkum skal godkjennast av kommunen.
- **Sandfilter**. Godkjenninga gjeld berre for gråvatn.
- **Minireinseanlegg**. Reinsekrav er min. 90 % reduksjon av Tot-P og BOF 5. Det skal føreligge skriftleg drifts- og serviceavtale for anlegget. Anlegget skal utførast i samsvar med VA/Miljøblad nr 52.
- **Biologisk toalett**. Kan berre godkjennast i kombinasjon med godkjent løysing for gråvatn eller der det ikkje er innlagt vann.
- **Tett tank**. Gjeld for berre hytter. Sjå punkt 6.

**6. *Tett tank***

Tette tankar for oppsamling av avløpsvatn kan etter søknad godkjennast for hytter i område der grunnforholda eller andre faktorar gjer det vanskeleg eller urimeleg dyrt med andre typar anlegg. Grunngjeving for dette skal leggast ved søknad om utsleppsløyve.

**Følgjande krav gjeld for tett tank:**

- Avstand til heilårsveg skal være mindre enn 30 meter.
- Botn av tank skal ikkje ligge meir enn 5 meter under vegnivå.
- Tanken skal tömmast minimum 1 gang per år. Tanken skal innlemmastes i den interkommunale tömmeordninga for slam. Rapport frå tömming blir sendt til kommunen frå HÅR (Hægebostad og Åseral Renovasjonsselskap)
- Tankens volum skal dimensjonerast etter tenkt forbruk + 50 %. Dersom det er ønske mindre tank, krevst det fleire tömminger per år. Minimum storlek på tanken er 6 m<sup>3</sup>.
- Det skal monterast varslar for høgt nivå i tanken.

- Det bør installeras klosett og dusj med lågt vassforbruk.
- Tanken skal sikrast mot oppdrift.
- Eigedomen pliktar å kople seg til kommunalt avløpsanlegg eller fellesanlegg dersom det kjem moglegheit for tilkopling i det aktuelle området.
- Kostnaden til tømming av tank er etter gjeldande sats og skal betalast av tankeigar.

Dersom det ved tømming eller tilsyn blir oppdaga at tanken ikkje er tett, blir det gitt ei åtvaring og frist for retting. Viss ikkje fristen blir overhalden, vil utsleppsløyvet bli trekt tilbake. Dette gjeld og dersom ikkje reglane for tømming blir overhaldne.

## **7. Krav til planlegging og bygging**

Det skal alltid vurderast moglegheiter for fellesløysingar. Det skal innhentast og kartfestast opplysningar om drikkevasskjelder og rekreasjonsområde, som kan bli påverka av anlegget.

Anleggseigar må innhente skrifteleg avtale for drift og vedlikehald, samt vegrett dersom anlegget blir planlagt på eigedom han ikkje eig. Avtalen skal leggast ved søknaden.

Alle overflateresipientar skal ha årsikker vassføring. Med dette meiner ein vassføring som ved middeltemperatur over frysepunktet ikkje tørker ut av naturlege årsaker oftare enn kvart tiande år i gjennomsnitt, jfr §3 i Lov om vassdrag og grunnvann. Rettleiande avstandsgrense til drikkevasskjelde er min. 100 m.

Skal utsleppet førast til stadlege massar, må det utførast grunnundersøking av massane. Den skal leggast ved søknaden. Vi viser til prosjektrapport frå Norsk Vann- og Avløpsverksforening (NORVAR) nr 49/94.

Ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande av anlegget skal vere godkjent etter plan- og bygningslova. I tillegg skal den som utfører arbeida minimum ha ADK-1 kurs eller tilsvarande.

Anlegget skal utførast i samsvar med NKF/NORVARs VA/Miljøblad der dette finst.

For alle anlegg skal det vere mogleg med prøvetaking på innløp. Alle anlegg bortsett frå infiltrasjonsanlegg og jordhauginfiltrasjonsanlegg skal ha kum for prøvetaking på utløp.

## **8. Reinsekrav – forureiningsforskrifta § 12-8**

Anlegga skal oppfylle følgjande utsleppskonsentrasjonar eller reinseffektar, rekna som årleg middelverdi:

<b>Parameter:</b>	<b>Utsleppskonsentrasjonar:</b>	<b>Reinseffekt:</b>
Tot-P	<1,0 mg/l	>90 %
BOF <sub>5</sub>	<25 mg/l	>90 %

Der det er andre brukarinteresser, t.d. drikkevasskjelde, kan det òg nyttast krav for bakteriar (TKB).

**9. Krav til drift**

Før anlegget kan takast i bruk skal det føreligge ferdigattest for anlegget. Det er ansvarleg søker for anlegget som skal sende inn søknad om ferdigattest til kommunen.

Eigar av anlegget er ansvarleg for at det blir drifta og vedlikehaldt slik at alle krav blir følgt.

For filteranlegg skal det takast inn- og utløpsprøver kvart 5. år. Desse skal analyserast på tot-P og BOF<sub>5</sub> av akkreditert laboratorium. Filtermassen skal skiftast ut når prøveresultata ikkje held krava.

Minireinseanlegg skal ha eksternt tilsyn minimum 1 gang per år. Eksternt tilsyn skal utførast av føretak som er godkjent av kommunen. Den som utfører eksternt tilsyn skal gjennomgå anlegget, utføre service og eventuelt ta vassprøver for analyse.

Den som utfører eksternt tilsyn skal innan 1. mars påfølgjande år sende inn årsrapport til kommunen. Årsrapporten skal minimum innehalde:

- Kort beskriving av anlegget
- Omtale av driftsforholda siste år, med spesiell vekt på eventuelle driftsproblem og endringar.
- Resultat frå eventuelle vassanalyser med utrekning av reinseeffekt.

Kommunen fører tilsyn med at disse retningslinjene blir følgt og skal ha tilgang til anlegget for inspeksjon og prøvetaking.